

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2020

Saka vart sett på saklista utan saksframlegg mot 2 røyster (Frp).

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av Krf, A, SV, MDG og Sp fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet ber om at arbeidet med evt einerettar vert følgd tett opp. Målet er å sikre eit drosjetilbod til alle grupper, og eit tilbod som er tilgjengeleg ut over vanleg arbeidstid inkl i helgene. Fylkesutvalet meiner faren for å stå utan tilfredsstillande tilbod aukar dersom drosjetilbodet først vert avvikla, for så forsøkt starta opp att. Det må også arbeidast mot helseforetaka for om mogeleg å få deira køyre-behov inn som kontraktskøyering i einerettane.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (Frp og FNB).

Vedtak

Fylkesutvalet ber om at arbeidet med evt einerettar vert følgd tett opp. Målet er å sikre eit drosjetilbod til alle grupper, og eit tilbod som er tilgjengeleg ut over vanleg arbeidstid inkl i helgene. Fylkesutvalet meiner faren for å stå utan tilfredsstillande tilbod aukar dersom drosjetilbodet først vert avvikla, for så forsøkt starta opp att. Det må også arbeidast mot helseforetaka for om mogeleg å få deira køyre-behov inn som kontraktskøyering i einerettane.